# NOTAT

## Tal, prognoser og analyser for:

## Gaular kommune

UTKAST

# 1. Innleiing

I arbeidet med regional planstrategi er det viktig med relevant, oppdatert og faktabasert kunnskap om viktige tema og satsingsområde for kommunen. For å kunne drive målretta samfunnsutvikling er det viktig at politikkutforminga bygger på eit godt kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget er bygd opp kring hovudutfordringane for kommunen (med utgangspunkt i utfordringane i fylket), og skal gje naudsynt grunnlag for prioriteringane i sjølve planstrategien. Vi omtalar situasjonen slik den er i dag, utviklingstrekk og utfordringar fylket står ovanfor. Vi legg vekt på å få fram kva samfunn det er sannsynleg at vi får med framskrivingar, analyse og oppsummering av mogelege strategiar ut frå utfordringane.

For dei neste åra er det peika på fire hovudutfordringar fylket vil møte:

1. Globalisering – urbanisering, av både kapital og menneskjer
2. Folketalsutviklinga, migrasjon og kvinnene si rolle i samfunnsutviklinga
3. Utvikling av kunnskapssamfunnet
4. Klimautfordringane

Utfordringane er knytt til tydelege drivkrefter lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt. Kunnskapsgrunnlaget og utfordringane viser tydeleg at fylket og kommunane står framfor store endringar dei neste 10-20 åra uansett korleis vi møter alle utfordringane.

Den mest sentrale kunnskapsleverandørene er SSB.

<u>Prognosar og analysar tar ikkje omsyn til ei mogeleg endring i kommunestrukturen.</u>

Dokumentet vil verte delt opp i følgjande tema som på kvar sin måte vert linka til dei 4 hovudutfordringane.

1. Innleiing
2. Demografi-Folketalsutvikling
3. Utflytting til meir sentrale strøk
4. Innvandring
5. Kvinner som flytter
6. Arbeidsplassar

Analysane og dei grafiske framstillingane i kap 2 vil danna grunnlaget for analysane i kapitla 3 til 6.

**I Fylkesspegelen[1] finnes ytterligare statistikk på kommunenivå som kan vere brukbart i planlegningsarbeidet.**

Datagrunnlag for analyse og figurane kan leverast av Fylkeskommunen på førespurnad.

[1] http://www.sfj.no/fylkesspegelen.337924.nn.html

## 2. Demografi -status




| | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Gaular | 2886 | 2857 | 2824 | 2797 | 2776 | 2749 | 2771 | 2719 | 2748 | 2757 | 2778 | 2798 | 2848 | 2923 | 2928 | 2960 | 2942 |

Fig. 2.1

Som ein kan sjå ut i frå Fig.2.1 har det i Gaular kommune vore ei positiv folketalsutvikling. Sidan 2000 har folketalet auka med 56 personar. Frå 2007, då folketalet var på det lågaste, har folketalet auka med 223 personer. I frå 1. januar 2015 til 1. januar 2016 var det ei nedgang på 18 personer. I Fig 2.2 kan ein sjå ein meir detaljert om endringane i frå 2008 til 2015

## Folketalsutvikling




| | År 2008 | År 2009 | År 2010 | År 2011 | År 2012 | År 2013 | År 2014 | År 2015 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Fødselsoverskot | -12 | 6 | 2 | 0 | 10 | 17 | 16 | -12 |
| Netto innvandring | 22 | 18 | 23 | 18 | 32 | 8 | 7 | 7 |
| Netto innanlandsk flytting | 1 | -4 | -5 | 34 | 32 | -20 | 9 | -14 |
| Folketalsvekst | 9 | 21 | 20 | 50 | 75 | 5 | 32 | -18 |

Fig. 2.2

I nesten heile perioden har det vert fødselsoverskot i Gaular, men i 2015 var det fødselsunderskott, Netto innanlandsk flytting har variert noko i perioden og i 2015 var denne på 14 personer som flytta ut. Innvandringa har også vorte redusert noko dei siste åra.
Det har i heile perioden vore ei positiv folketalsutvikling, med unntak av året 2015.

## Tal innvandrarar




Fig. 2.3

Delen innvandrarar utgjorde i 2015 om lag 7 % av befolkninga. Framleis er det arbeidsinnvandringa som er den dominerande gruppa. Tal på innvandrare tek ikkje opp i seg asylsøkjarar sidan folketal er basert på innbyggjarar som har fått opphaldsløyve[2].

## Tettbygd/spreiddbygd




[2] SSB har ikkje statistikk om asylsøkarar. Det er fyrst når ein asylsøkjar får godkjent lovleg opphald i Norge, får fødselsnummer og dermed vert definert som innvandrar, at han/ho kjem i registra til SSB. Når eit stort tal asylsøkarar resulterer i lang sakshandsamingstid i UDI, kan det ta fleire år frå ein asylsøkjar kjem til Norge til han/ho gjev utslag i statistikken.

## Folketalsendring framover, prognose

Før vi går inn i ei drøfting knytt til framskrivingane, er det viktig å ha med seg at dette er prognosar, og ikkje noko som er hogd i stein. Til grunn for talla ligg SSBs folketalsprognosar 2015-2040 (moderat anslag).[3] Viss vi får større endringar, t.d. i innflytting og utflytting, vil dette påverke prognosane monaleg, og mindre endringar i tal fødde, levealder, inn- og utflytting vil sjølvsagt også gje mindre endringar i prognosane.




| | 2015 | 2020 | 2025 | 2030 | 2035 | 2040 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Totalt | 2951 | 3072 | 3186 | 3281 | 3387 | 3463 |

Fig. 2.4

Prognosen syner at Gaular vil i framskrivingsperioden ha en befolkningsauke på 512 personer. Dette utgjer ei auke på om lag 15 %. Korleis denne auken fordelar seg ser ein av framskrivingane nedanfor.

Framskriving aldersgrupper




| | 0 år | 1-5 år | 6-12 år | 13-15 år | 16-19 år | 20-44 år | 45-66 år | 67-79 år | 80-89 år | 90 år eller eldre |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 2015 | 33 | 199 | 279 | 116 | 162 | 853 | 845 | 283 | 139 | 42 |
| 2020 | 35 | 183 | 300 | 135 | 151 | 904 | 845 | 357 | 115 | 47 |
| 2025 | 34 | 185 | 291 | 142 | 165 | 951 | 809 | 446 | 125 | 38 |
| 2030 | 35 | 181 | 284 | 128 | 176 | 963 | 845 | 460 | 176 | 33 |
| 2035 | 36 | 186 | 278 | 129 | 164 | 988 | 897 | 426 | 240 | 43 |
| 2040 | 37 | 194 | 280 | 126 | 160 | 985 | 942 | 415 | 260 | 64 |

Fig. 2.5

[3] https://www.ssb.no/folkfram

I framskrivingsperioden ser ein at det er små endringar i aldersgruppa 0-19 år. Det vil vere ei moderat auke i aldersgruppa 20-66 år på om lag 10 %. Kommunen vil få ei betydeleg auke i aldersgruppa +67 år. Gruppa 67 til 79 år vill auke med 32 % og gruppa 80-89 år vill auke med om lag 45 %.

Det kan sjå ut som som om dimensjonering av barnehage og skule i 2040 vill ligge på om lag same nivå som i dag. Utfordringa for Gaular er knytta til helse og omsorgstjenestene.

Ved å bryte tala kan ein sjå i Fig 2.6 at det vil verte ei stabil gruppe barn med behov for barnehage. I Fig 2.7 kan en sjå at det vil verte behov for om lag 50 færre plasser i grunnskolen.




Fig 2.6




Fig. 2.7

I Fig 2.8 kan ein sjå at i 2040 vil ein ha like mange i vidaregåande skule som i dag. Elles er det små eller ingen endringar i dei andre aldersgruppene. Sjå Fig 2.6 og Fig 2.7.




Fig. 2.8

Aldersgruppa +70 har ein solid Fig 2.9.




Fig. 2.9

Som ein ser vil auken i denne gruppa vere på om lag 42 %. Det vil gje kommunen store utfordringar med å rigge ei eldreomsorg som både kapasitetsmessig og kvalitetsmessig tilfredstiller krava sett av myndighetene. Og om ikkje det skulle vere nok så syner prognosane eit jamt, men lite, underskot av kvinner i alderen 20 til 39 år.

## Kjønnsfordeling.




Fig. 2.10

Som i resten av fylket har også Gaular ei utfordring i høve til kjønnsbalansen. Trøysta er at det ser ut som det vil balanserast fram i mot 2040. Kommer tilbake til temaet i kap. 4

## Levekår og livskvalitet.

Her er folkehelseprofilen i frå Helsedirektoratet og kommenterast ikkje meir førebels.

| Tema | | Indikator | Kommune | Fylke | Norge | Enhet (*) |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Befolk-ning | 1 | Befolkningsvekst | 1,1 | 0,19 | 1,1 | prosent |
| | 2 | Personer som bor alene, 45 år + | 22,3 | 23,5 | 25,6 | prosent |
| | 3 | Valgdeltakelse 2015 | 65 | 65 | 60 | prosent |
| Levekår | 4 | Vgs eller høyere utdanning, 30-39 år | 87 | 84 | 83 | prosent |
| | 5 | Lavinntekt (husholdninger), 0-17 år | 4,9 | 8,5 | 11 | prosent |
| | 6 | Inntektsulikhet, P90/P10 | 2,3 | 2,4 | 2,7 | - |
| | 7 | Barn av enslige forsørgere | 9,2 | 12 | 15 | prosent |
| | 8 | Arbeidsledige, 15-29 år (ny def.) | - | 2,1 | 2,7 | prosent |
| | 9 | Uføretrygdede, 18-44 år | 2,3 | 2,4 | 2,6 | prosent (a,k*) |
| Miljø | 10 | God drikkevannsforsyning | 100 | 81 | 92 | prosent |
| | 11 | Forsyningsgrad, drikkevann | 48 | 75 | 89 | prosent |
| | 12 | Skader, behandlet i sykehus | 15,3 | 15,8 | 12,8 | per 1000 (a,k*) |
| | 13 | Ensomhet, Ungdata | - | - | 18 | prosent (a,k*) |
| | 14 | Fornøyd med lokalmiljøet, Ungdata | - | - | 70 | prosent (a,k*) |
| | 15 | Medlem i fritidsorganisasjon, Ungdata | - | - | 63 | prosent (a,k*) |
| Skole | 16 | Trives på skolen, 10. klasse | 89 | 89 | 85 | prosent (k*) |
| | 17 | Laveste mestringsnivå i lesing, 5. kl. | 28 | 26 | 25 | prosent (k*) |
| | 18 | Laveste mestringsnivå i regning, 5. kl. | 29 | 20 | 26 | prosent (k*) |
| | 19 | Frafall i videregående skole | 15 | 17 | 24 | prosent (k*) |
| Levevaner | 20 | Fysisk inaktive, Ungdata | - | - | 13 | prosent (a,k*) |
| | 21 | Overvekt inkl. fedme, 17 år | 21 | 25 | 21 | prosent (k*) |
| | 22 | Alkohol, har vært beruset, Ungdata | - | - | 14 | prosent (a,k*) |
| | 23 | Røyking, kvinner | 8,7 | 8,3 | 10 | prosent (a*) |
| Helse og sykdom | 24 | Forventet levealder, menn | 79,1 | 79,1 | 78,2 | år |
| | 25 | Forventet levealder, kvinner | 84,6 | 84,1 | 82,8 | år |
| | 26 | Utdanningsforskjell i forventet levealder | - | 3,6 | 4,8 | år |
| | 27 | Psykiske sympt./lid, primærh.tj., 15-29 år | 111 | 108 | 142 | per 1000 (a,k*) |
| | 28 | Psykiske lidelser, legemiddelbrukere | 111 | 106 | 130 | per 1000 (a,k*) |
| | 29 | Muskel og skjelett, primærhelsetjenesten | 284 | 271 | 262 | per 1000 (a,k*) |
| | 30 | Hjerte- og karsykdom, beh. i sykehus | 15,7 | 16,8 | 17,3 | per 1000 (a,k*) |
| | 31 | Type 2-diabetes, legemiddelbrukere | 22 | 29 | 35 | per 1000 (a,k*) |
| | 32 | Lungekreft, nye tilfeller | - | 50 | 55 | per 100 000 (a,k*) |
| | 33 | Antibiotika, legemiddelbrukere | 178 | 208 | 229 | per 1000 (a,k*) |
| | 34 | Vaksinasjonsdekning, meslinger, 9 år | 97,7 | 94,9 | 94,7 | prosent |



## Samandrag

Summert kan en seie at det er to hovudutfordringar for kommunen, det eine er den svake auka i folketalet i aldersgruppa 20-39 (ca 12 %) og  og det andre er ei veksande eldre befolkning som vil ha ei auke på ca. 42 %. (Fig. 2.11).




| | 2015 | 2020 | 2025 | 2030 | 2035 | 2040 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 70+ | 369 | 410 | 496 | 567 | 606 | 634 |
| 20-39 år | 673 | 728 | 729 | 749 | 760 | 762 |

Fig 2.11

Strategiane i så måte bør då vere både å auke tilflyttinga og å planleggje korleis ein skal innrette eldreomsorga i framtida.

## 3. Utflytting til meir sentrale strøk

Ein stadig større del av befolkninga i fylket bur i eller nær større bysentra,  og netto flyttestraumar går frå periferi til sentrum. Dette er ein langsiktig trend som skjer globalt, nasjonalt og i den enkelte kommune.

Sentralisering vert ofte definert som at befolkninga over tid vert konsentrert på ein (geografisk) stad. Desse prosessane skjer lokalt, regionalt , nasjonalt og globalt. På nasjonalt nivå skjer konsentrasjonen til dei folkerike regionane, «sentrale strøk». Ved ein konsentrasjon kring sentrale strøk, vert utkantane tappa for folk og energi. Det handlar om sentrum og periferi.

Fråflytting kan og føre til ein redusert etterspurnad etter bustader delar av kommunen, slik at dei som skal selje sine bustader må realisere eit verditap. Kommunen kan bli sitjande med unytta infrastruktur og kapitalkostnader m.m. For andre typar tenester kan befolkningsgrunnlaget verte for lågt til at tilbod kan oppretthaldast. Mange som synes at det gode livet eigentleg er på landsbygda, får dermed velferda redusert på grunn av sentraliseringa. Slike endringar vert ofte omtalt som «uttynning» av lokalsamfunnet.

## 4. Innvandrarar

Om lag 7 % av innbyggjarane i Gaular er innvandrarar, fyrst og fremst i frå Europa (Fig. 2.3)

Eit stadig meir fleirkulturelt Gaular krev at kommunen lykkast med inkludering på alle nivå i samfunnet. Kommunen, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane.

I dette arbeidet er god språkopplæring avgjerande viktig. For flyktningane handlar det også om å bli inkludert i arbeidslivet. Felles for både arbeidsinnvandrarane og flyktningane er at dei må oppleve å vere ein del av samfunnslivet på staden dei bur.

Kultur- og fritidstilbod som legg til rette for gode møteplassar  vil vere viktige bidrag i dette arbeidet. Dette gjeld også generelt for alle tilflyttarar til fylket.

Ei viktig rolle  vil vere å legge til rette for eit  godt samspel mellom dei aktørane som har mogelegheit til å påverke arbeidet med inkludering i positiv retning.

I følgje tal frå NAV er det stor arbeidsløyse blant innvandrarar i fylket. Tala syner at arbeidsløysa er seks gonger større enn blant etniske nordmenn. NAV kan heller ikkje sjå nokre positive utviklingstrekk framover på dette området.  Informasjon både frå NAV og IMDI  syner at fylket skorar lågare både i høve til norskopplæring og med busetting av flykningar, enn andre fylke. Forsking syner at ein nøkkelfaktor i høve til ei vellukka integrering er å kunne snakke norsk.

Tidlegere var innvandring fyrst og fremst eit storbyfenomen, men med auka arbeidsinnvandring har vi fått ei større regional spreiing av innvandrarar ut i distrikta. Arbeidsinnvandringa er eit resultat av utvidinga i EU i 2004 og 2007. Polakkar er saman med svenskar den største innvandrargruppa i Noreg. Arbeidsinnvandringa fører med seg folketalsauke fylket samla sett og i mange kommunar som

elles ville hatt nedgang i folketalet. Grunnen er at arbeidsinnvandringa i stor grad har forsynt lokale bedrifter med arbeidskraft.

### Kven blir og kven dreg

Flyktningar og deira familiar er dei som i størst grad vert buande i Norge, medan nordiske innvandrarar og personar med utdanning som innvandringsgrunn i mindre grad vert buande. Arbeidsinnvandrarar ligg omtrent midt på treet i denne samanlikninga.

I følgje Statistisk sentralbyrå flyttar flyktningar oftare frå den kommunen dei først blir busett i, til meir sentrale kommunar. Det er også mest vanleg blant innvandrarar med familie som innvandringsgrunn, blant norskfødde barn av innvandrarar, utdanningsinnvandrarar og personer utan innvandrarbakgrunn. Arbeidsinnvandrarar og nordiske innvandrarar skil seg noko ut, ved at dei ofte flyttar til mindre sentrale kommunar enn dei flytta frå.

Flyktningar og deira familiar flytta i stor grad til kommunar med andre innvandrarar med same innvandrarbakgrunn. At dei flyttar til sentrale strøk gjev positiv samanheng mellom flytting og regional sysselsettingsutvikling, i og med at dei flyttar til regionar med sterk vekst i sysselsettinga.

## 5. Kvinneunderskotet

Som ein kan sjå av fig. 2.10 Har også Gaular ei ubalanse i kjønnsfordelinga i aldersgruppa 20-39 år.

Det kan vere ulike årsaka til dette men forsking og statistikk knyt dette tydelig til veksten i høgare utdanning, som igjen har hatt betyding for endringar i arbeidslivet.

Sentraliseringa på 1980-talet og «Kvinneflukta frå distrikta» førte med seg at fødselstala minka mykje. Folketalsprognosen som ligg til grunn for dei analysane som er gjorde syner eit jamt, men lite, underskot av kvinner i høve til menn i kommunen. Sentralisering og utdanningseksplosjonen dei siste 30-40 åra vert peikt på som orsakar til dette, der kvinner i større grad enn menn utdannar seg. Tal i dag syner ei fordeling på 65/35 prosent til fordel for kvinner i høgare utdanning. Mange flyttar på seg for å ta utdanning og dei buset seg i byar der mogeligheitene er større for jobb, karriere og fagleg utvikling.

I følgje sosiolog Kåre Heggen gjer bygdejentene som innvandrarjentene. Dei gjer meir skulearbeid og dei skaffar seg høgre utdanning enn byjentene og bygdegutane. Samstundes gjer denne prosessen at dei i større grad endrar haldningar og perspektiv på livet, slik at avstanden til bygda veks.

Gaular har en lågare andel kvinner med høg utdanning.  Årsaka til dette kan vere det faktum at næringsstruktur i liten grad har klart å møte den store auken i kvinner med høgare utdanning og har sannsynlegvis mangel på mangfald i arbeidsplassar i Gaular.

## 6. Arbeidsplassar, sysselsetting og pendling




Fig 6.1

Som grafen syner har det ikkje vore store endringar i sysselsettinga i kommunen. Den største endringa finn vi i jordbruket med ei reduksjon på om lag på 60 årsverk. Dette er ei reduksjon ein kan sjå i dei fleste kommunane i fylket.  Den største auken i sysselsetting finn ein innafor det offentlege. Dette heng fyrst og fremst saman med ein auke i det kommunale velferdstilbodet. Totalt er talet sysselsette i kommunen redusert med 50.




Fig. 6.2

## Pendling

Pendlarar er definert som sysselsette som har arbeidsstaden sin i ein annan kommune en der dei bur. Pendling kan verte eit resultat av eit underskot på arbeidsplassar i forhold til arbeidsstyrken der dei bur.

I Gaular kommune er det mange som pendlar ut for å jobbe, men det er også ein del som pendlar inn i kommunen. Tala syner at det er 333 personar som i 2014 pendla inn i kommunen og 890 personar som pendla ut av kommunen.

Dei som pendlar inn kjem frå mange ulikestader, bl.a i frå Østfold, Vestfold, Oslo og so langt unna som Alta. Dette er ikkje noko dominerande tendensar. Dei mest dominerande stadane pendlarar kjem i frå går fram av Fig. 6.3




Fig. 6.3

Det er ei like stor variasjon i høve til dei som pendlar ut i frå kommunen. Men dei dominerande arbeidsstadene kan sjåast i Fig. 6.3




Fig. 6.4